



KS Hordaland
Agnes Mowinckelsgate 6
5008 BERGEN

Dato: 13.10.2014
Vår ref.: 2014/17126-11
Saksbehandlar: agnwibo
Dykkar ref.:

Invitasjon til arbeidsgruppe for planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Hordaland fylkeskommune inviterer med dette dykkar institusjon til å delta med ein representant i arbeidsgruppa for utarbeiding av planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Mandatet til arbeidsgruppa vil vere å utforme forslag til eit planprogram som skal leggjast fram for Fylkesutvalet sommar/haust 2015.

Arbeidsgruppa vil ha representantar frå Universitetet i Bergen, Høgskulen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund, Fylkesmannen, NAV, KS, NHO, LO, Næringsalliansen og det administrative sekretariatet frå fylkeskommunen, og vil bli leia av fylkesdirektør for regional utvikling, Bård Sandal. I tillegg skal det opprettaast ei politisk styringsgruppe med representantar frå Opplærings- og helseutvalet, Hordaland fagskulestyre, Yrkesopplæringsnemnda, styret for Høgskulen i Bergen, styret for Universitetet i Bergen og frå regionråda.

**Første møte i arbeidsgruppa blir 4. november kl. 9-11.30,
møterom Sunnhordland, Fylkeshuset**

Tema for planen og planprogram

Manglende tilgang på kompetanse er ei av dei mest sentrale utfordringane for næringslivet og for offentleg sektor. Hovudfokuset i planen er retta mot korleis ein kan sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidsretta kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet.

Målet med planprogramfasen er å beskrive omfang og innhald i prosessen for utforming av planen, avklare behov for utgreiingar og konkretisere korleis planprosessen skal gjennomførast.

Gjennomføring av planprogramfasen

Skisse til planprogramarbeidet:

- 3 møte i arbeidsgruppa
- 3 møte med politisk styringsgruppe
- Innspelskonferanse med relevante aktørar
- Drøfting i Regionalt næringsforum
- Utarbeiding av planprogram med utgangspunkt i innspel frå prosessane
- Høyring
- Utarbeiding av ferdig planprogram
- Vedtak i fylkesutvalet sommar/haust 2015

Vi vonar de vil vere med på å diskutere dei viktige utfordringane vi har i Hordaland på dette feltet. For å få god framdrift i arbeidet er det viktig at deltarane i arbeidsgruppa har god oversikt over det arbeidet som blir utført ved deira institusjon og kan uttale seg på vegne av institusjonen om dei problemstillingane som blir tatt opp i gruppa. Dagsorden for møta vil bli sendt ut i god tid på førehand.

Vi ber om tilbakemelding om kven som skal delta i arbeidsgruppa frå dykkar institusjon (namn, e-postadresse og telefonnummer) innan 29.oktober til Agnetha.Wiborg@hfk.no .

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Agnete Wiborg
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1) Oppstartsak til Fylkesutvalet 2) Tentativ tidsplan for arbeidet